

Bømlo

Høyringsframlegg planprogram – vurdert opp mot folkehelse

Veldig positivt og i tråd med nasjonale føringar at planprogram legg opp til folkehelse som gjennomgåande grunnleggjande prinsipp for planarbeidet – altså som integrert del og ikkje eige tema.

Dokumentet viser at kommunen legg rammene her i tråd med føringar som:

- Har stort sett ei befolkningsretta tilnærming. Unntaket er inntak integrering minoritetsspråklege. Kvifor det?
- Legg vekt å å arbeide bakanforliggjande faktorar med eit påverknadsperspektiv
- Tiltaka er stort sett tverrsektorielle.
- Kommunen som eit heile skal bidra i folkehelsearbeidet.
- Kan verke som både levekår og levestandard satsing samstundes – men dette står ikkje tydeleg.

Samstundes er det nokre uklare spørsmål:

- Når folkehelse er tenkt som grunnleggjande prinsipp for all planlegging. Korleis er planverket tenkt brukt for å sikre gjennomføring av folkehelsemåla i kommunen? Korleis er planverket tenkt brukt for å utjamne sosiale skilnader i helse?
- Korleis tenkjer kommunen å kople fhl. §§ 5 og 6 – oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar med dei kommunale planprosessane? Nytt kunnskapsgrunnlag skal utviklast før ny planstrategi (2020) og vedtak KPA (2010)? Korleis sikre kunnskapsgrunnlaget inn i KPS arbeidet?
- Litt lite konkrete på korleis folkehelseperspektiva skal takast vare på i serleg i KPA: - men ser at folkehelseperspektiv/vurderingar kan inngå i dei i fleste hovudtemaa i kommuneplanen. I stikkorda under dei ulike temaa: mykje på fysisk planlegging, korleis sikre t.d møteplassar osv. for å sikre samfunnsdeltaking og involvering ikkje berre gjennom å mobilisere frivillige. Mange delplanar – viktige folkehelseplanar korleis er koplingar tenkt

Medverknad

- Positivt at det er tenkt prosessar utover minstekrava i plan- og bygningslova og med lengre svarfrist.
- Metodane for involvering verkar deltakande og varierte. Unntak korleis nå minoritetsgruppene?